



Møteprotokoll Formannskapet

Møtedato: 06.11.2017
Møtestad: Møterom - Børilden
Møtetid: 09.00 – 11.00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordfører
Anne Dahle Austrheim	KRF	Varaordfører
Jan Erik Espelid	V	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Jorund Stellberg	UAH	Medlem
Siri Kaland	AP	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle
Hardy Pedersen	AP	Varamedlem
Morten Sognes	H	Varamedlem

Frå administrasjonen møtte:

Rådmann Jan Olav Osen, assisterande rådmann Olav Mongstad og økonomisjef Olav Birger Andersen

Dato, 09.11.2017

Per Lerøy
ordfører

Jan Olav Osen
rådmann

Sakliste

Saknr	Tittel
088/17	Godkjenning av innkalling og saksliste
089/17	Godkjenning av møteprotokoll
090/17	Orienteringssak
091/17	Budsjett 2018 - Økonomiplan 2018 - 2021
092/17	Reglement for politisk tingingsutval
093/17	Sal av kai på gbnr 166/7 på Særvrøy aust

088/17: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

06.11.2017 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 088/17 - 06.11.2017 - Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

089/17: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

06.11.2017 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 089/17 - 06.11.2017 - Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

090/17: Orienteringssak

Rådmannen sitt framlegg:

06.11.2017 FORMANNSKAPET

Det var ingen orienteringar i møtet.

FS - 090/17 - 06.11.2017 - Vedtak:

Det var ingen orienteringar i møtet.

091/17: Budsjett 2018 - Økonomiplan 2018 - 2021

Rådmannen sitt framlegg:

Saka vert lagt fram til orientering og drøfting

06.11.2017 FORMANNSKAPET

Framlegg til vedtak:

Orienteringa vert teke til vitande og utsett til behandling i neste møte i formannskapet den 23.11.17.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FS - 091/17 - 06.11.2017 - Vedtak:

Orienteringa vert teke til vitande og utsett til behandling i neste møte i formannskapet den 23.11.17.

092/17: Reglement for politisk tingingsutval

Rådmannen sitt framlegg:

Ordførar sitt framlegg til vedtak

Formannskapet opprettar eit politisk tingingsutval som eit eige arbeidsutval.

06.11.2017 FORMANNSKAPET

Rådmann Jan Olav Osen og assisterande rådmann Olav Mongstad gjekk frå som inhabil under handsaming av saka.

Framlegg frå ordføraren:

Formannskapet opprettar eit politisk tingingsutval som eit eige arbeidsutval. Arbeidsutvalet skal ha tre medlemmar; ordførar, varaordførar og leiar av det største opposisjonspartiet. Ordførar er leiar av utvalet. Lønn til rådmann og assisterande rådmann skal tingast av arbeidsutvalet og tingingsresultatet går som informasjon til formannskapet. Arbeidsutvalet kan utarbeide leiaravtale med rådmannen som skal godkjennast av formannskapet. Arbeidsutvalet skal gjennomføre medarbeidarsamtale og lønnsamtale med rådmann. Arbeidsutvalet sitt mandat er å instille i pensjonsspørsmål for ordførar og folkevalgte som har frikjøpt tid og halde seg oppdaterte på sentrale problemstillingar innan personalfeltet i kommunen. Arbeidsutvalet får mandat til å innstille til kommunestyre ved tilsetjing av ny rådmann. Ordførar står for innkalling til møta og rådmann sørgjer for sekretær til utvalet. Ordføraren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 092/17 - 06.11.2017 - Vedtak:

Formannskapet opprettar eit politisk tingingsutval som eit eige arbeidsutval.

Arbeidsutvalet skal ha tre medlemmar; ordførar, varaordførar og leiar av det største opposisjonspartiet. Ordførar er leiar av utvalet. Lønn til rådmann og assisterande rådmann skal tingast av arbeidsutvalet og tingingsresultatet går som informasjon til formannskapet. Arbeidsutvalet kan utarbeide leiaravtale med rådmannen som skal godkjennast av formannskapet. Arbeidsutvalet skal gjennomføre medarbeidarsamtale og lønnsamtale med rådmann. Arbeidsutvalet sitt mandat er å instille i pensjonsspørsmål for ordførar og folkevalgte som har frikjøpt tid og halde seg oppdaterte på sentrale problemstillingar innan personalfeltet i kommunen. Arbeidsutvalet får mandat til å innstille til kommunestyre ved tilsetjing av ny rådmann. Ordførar står for innkalling til møta og rådmann sørgjer for sekretær til utvalet.

093/17: Sal av kai på gbnr 166/7 på Særvrøy aust

Rådmannen sitt framlegg:

06.11.2017 FORMANNSKAPET

Formannskapet gjorde i møte den 26.10.2017, sak 80/17 fylgjande vedtak:

Austrheim kommune sel det kommunale kaianlegget på gbnr. 166/7 på Særvrøy aust for kr. 20.000 til Solberg. Grunngevinga for salet er at kaien ikkje lenger er viktig for ålmenta. Prisen er sett ut frå takst (verdivurdering) motteke den 17.08.2017. Grunngevinga for salet er elles gjeve i saksutgreinga.

Saka vart i møte teke opp til ny handsaming der avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om dialogen med kjøper og rådmannen la fram nytt framlegg til vedtak som fylgjer:

Austrheim kommune sel det kommunale kaianlegget på gbnr. 166/7 på Særvrøy aust for kr. 10.000 til

Solberg.

Grunngjevinga for salet er at kaien ikkje lenger er viktig for ålmenta.

Framlegg frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - 093/17 - 06.11.2017 - Vedtak:

Austrheim kommune sel det kommunale kaianlegget på gbnr. 166/7 på Særvrøy aust for kr. 10.000 til Solberg.

Grunngjevinga for salet er at kaien ikkje lenger er viktig for ålmenta.
